
Saksnr: 2021/6519-1
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 01.03.2021

Til: Utval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Orientering om tilskot over statsbudsjettet kap. 1429 post 71,72, 73 og 74. Riksantikvaren sin fylkesoversikt for 2021

I møte med administrasjonane i fylkeskommunane 10.02.21 presenterte Riksantikvaren oversikter over tal søknader, søknadssummar, tildelingssummar og prosentvis dekningsgrad for tilskot i 2021 over statsbudsjettet kap. 1429, postane 71, 72, 73 og 74. jf. vedlegg.

Totalt er det fordelt 318,7 mill. kroner i tilskot for 2021. Samla søknadssum var på 763,8 mill., ei dekningsgrad på 42%. Fordelinga er omtrent på same nivå som i 2020, men nokon har fått reduksjon som følge prioriterte satsingsfylker: Innlandet, Nordland, Trøndelag og Oslo. Vestland er det fylket som får størst samla sum tilskot i 2021:

Fylke/Sameting	Samla tilskot:
Vestland	53 066 000
Innlandet	46 360 000
Viken	40 160 970
Vestfold og Telemark	37 350 000
Trøndelag	28 554 625
Agder	22 117 000
Nordland	21 800 000
Trøms og Finnmark	19 550 000
Rogaland	18 961 000
Møre og Romsdal	9 900 000
Sametinget	6 000 000
Oslo	5 025 000

Vestland har sendt søknader til Riksantikvaren på alle tilgjengelege tilskotsordningar. For dei store postane 72 og 74 er det verd å merke seg at dekningsgraden er lågare enn snittet for fylka sett under eitt.

Post	Tilskot samla for alle fylka	Tilskot Vestland	Dekningsgrad Vestland	Dekningsgrad snitt for alle fylka
Post 71 Freda kulturminne i privat eige	159 015 000	22 750 000	52%	46%
Post 72 Teknisk industrielle kulturminne	58 045 000	10 050 000	17%	39%
Post 73 Brannsikring tette trehusområde	8 000 000	600 000	100%	55%

Post 73 Profane mellomalderbygg	7 000 000	1 500 000	71%	126%
Post 73 Ruinar	10 000 000	3 800 000	73%	80%
Post 74 Fartøyvern	76 672 000	14 366 000	25%	32%
Total	318 732 000	53 066 000		

Vedlegg

1 Tilskudd til fylkene og Sametinget 2021 presentasjon